

IVAR AASEN-SAMBANDET

HØYRINGSSVAR TIL NY RETTSKRIVING FOR NYNORSK

Ivar Aasen-sambandet er høyringsinstans i arbeidet med ny rettskriving for nynorsken. I høyringssvaret drøfter me kva konsekvensar den nye rettskrivingi har for nynorsken. Dette er det viktigaste punktet. Dinest drøfter me dei pedagogiske omsyni som nemndi legg til grunn, i lag med dei ideologiske linone i målrørsla. Dinest vårt syn på sideformskipnaden, so førestellingi om «midtlinenynorsken» og syni mellom målfolk på korleis normi skal vera. Til sist gjer me meir handfaste merknader til sjølve arbeidet til rettskrivingsnemndi.

KONSEKVEN SAR AV DEN NYE RETTSKRIVINGI

Nynorsken skal på nytt endrast. For nynorsken er setningi «rettskriving er ikkje viktig» oftare eit varsel om rettskrivingsendring enn status quo. Hovudpunktet i mandatet til rettskrivingsnemndi er «å laga ei tydeleg, enkel og stram norm». Det er rett at talet på former i rettskrivingsframlegget er mindre enn det samla talet på hovud- og sideformer i gjeldande rettskriving. På det grunnlaget tykkjest òg nemndi forsvara mandatet sitt, men ei slik grunngjeving kan opplagt ikkje forsvarast. For når skilet mellom hovud- og sideformer no fell bort, vert alle formene i røyndi «hovudformer». Talet på former i læreboknormalen vert no større enn før, former som har ei mykje større bruksutbreiing enn sideformene. Det er desse formene nynorskbrukarane oftast møter, som t.d. i lærebøker, i tilfang frå det offentlege og ikkje minst i NRK. På statistikkfagleg grunnlag kan ein seia at hovud- og sideformer har ulik vekting.

Språkbrukarar lærer normi fyrst og fremst etter skriftlege føredøme, ikkje etter oppføringar i ordlista. Desse skriftlege føredømi vert no meir formsprikjande – valfridomen i læreboknormalen aukar – og me får ein nynorsk som er mindre «tydeleg, enkel og stram» enn før. I skrive- og leseopplæringi på barneskulen nyttar ein ikkje ordlistor, ein nyttar tekster og tavle. På ungdomskulen er ordlistor vanlegare, men her som på barneskulen nyttar ein fyrst og fremst tekster, og soleis er det seinare

i livet òg. Det er ikkje berre dei som slit på skulen som fell frå nynorsken, men heile spekteret, som ingeniørar, sjukepleiarar, bilmekanikarar, kokkar – folk som ikkje jamt har det vanen å slå opp i ordlistor. Ein nynorskbrukar som derimot har den vanen å slå opp i ordlistor, anten han er ustø i nynorsknormi eller ikkje, han er langt på veg berga for nynorsken.

Dersom me held bøyingsverket utanfor (serleg verbbøyingi er eit kapittel for seg i det nye framlegget), og einast ser på stavingi (vokalisme og konsonantisme), skal på lag 400 former ut i rettskrivingsframlegget. Nærsagt alle ufrekvente. Fleirtalet av former står att. Nærsagt alle frekvente. Nemndi byggjer den nye normi på usus (statistisk utrekning av former i eit tekstkorpus), endå det er usus som har gjort ei ny rettskriving turvande, ikkje berre normi i seg sjølv.

Problemet er dei ofte nytta formene – det er paradokset. For nemndi derimot, er det viktigare å få ned valfridomen i ord som *bolung*, *bræsa*, *brækta*, *laugsta* og mange andre slike ufrekvente ord enn å få ned valfridomen i frekvente ord som *ynskja*, *fylgja*. Somme ord er so sjeldsynte at dei ikkje eingong finst i Tekstkorpuset. I frekvente ord aukar jamvel nemndi valfridomen – det skal t.d. heita å *ynskja*, *ynskje*, *ønskja*, *ønskje*, *ynske*, *ynska*, *ønske*, *ønska* og å *fylgja*, *fylgje*, *følgja*, *følgje*, *følga*, *følge*, men ikkje **fylga* og **fylge*, som ein skulle venta, for det fann ikkje nemndi statistisk grunnlag for. Det har vore viktigare for nemndi å vera deskriptiv enn normativ, men so deskriptiv kan ein ikkje vera når me veit at det som har sermerkt skriftbiletet i nynorsk, serleg frå 1938 og ut, er det store formspriket, ikkje berre formelt, men òg i bruk.

Når me skal tala om frekvens på ei form, må me skilja mellom ufrekvente former av frekvente ord, som t.d. ein *leting* i staden for ein *lating*, og former som er ufrekvente av di sjølve ordet er ufrekvent. Og det er serleg former av ufrekvente ord at nemndi stryk. Døme: *bolung* el. *bulung*, *bresa* [*bræsa*], *brekta* [*brækta*], *deld* [*dæld*], *dråk* el. *drøk*, *fete* [*fite*], *fljot* el. *fløt*, *kong* [*kaun*], *krela* el. *kræla*, *laugsta* el. *løgsta*, *strena* [*stræna*], *koppul* el. *koppul*, *treisk* [*tresk*] osb., og det er ikkje få av desse ordi. Og med sjeldsynte ord, meiner me ikkje ord som *harr* el. *horr*, *tall* el. *toll*, *tyr* el. *tjor*, endå dei er sjeldsynte i skrift. At det i det heile finst valfridom i mange av desse ordi, vitnar om kor klåfingra tidlegare rettskrivingsnemnder har vore, og me skjønar ikkje

kvifor rettskrivingsnemndi no skal borti desse. Og ein ting er heilt visst: talet på strokne ufrekvente former, serleg strokne former av ufrekvente ord, er einast pynt i statistikken og bøter ingenting på problemet. Dei strokne formene er einast eit skodebrød, til liks med utkastingsi av i-målet.

Att står kjerneordtilfanget i nynorsk. Her tek nemndi lite bort og valfridomen vert jamvel somme stader auka, og hovud- og sideformer vert alle gjorde til hovudformer. Skipnaden med hovud- og sideformer – bolverket mot altfor stort formsprik – er borte.

MISTOLKA PEDAGOGIKK OG TALEMÅLSNÆRLEIK

Nemndi driv unnataksnormering. I ei rad ord på endingi *-skap* skal no få valfritt hannkjønn eller inkjekjønn – t.d. *farkeskap, endskap, førarskap, djevelskap*, men einast hannkjønn i t.d. *djervskap, gal(en)skap, heilskap, skyldskap*. Ein treng ikkje kunnskap om gamalnorsk for å vita at ord på endingi *-skap* med sers få unnatak skal vera hannkjønn. Vandemålet med slik unnataksnormering, er at ho opnar for nye mistak. Ein lappar ein stad og det tyt ut ein annan stad. For to personar gjer ikkje jamt dei same mistaki, dei gjer ikkje jamt dei same mistaki kvar gong heller, og mistak er ikkje det same som eit formskifteynske hjå brukaren. Dette er ikkje det einaste dømet på unnataksnormering i framlegget. Ein skapar berre meir ustøe med slik unnataksnormering.

Talemålsnærleik og talemål er eit pedagogisk argument hjå nemndi i normeringi, men ikkje det einaste pedagogiske argumentet, det må me få med. Nærleiken mellom tale og skrift hadde fyrst ein praktisk funksjon i målreisingi; skilet mellom tale og skrift skulle ikkje vera so stort at det skapa hindringar for folk flest i kvardagen; ein viktig grunn i mange målreisingar, ikkje berre i den norske. Ei talemålsnær norm gjer det lettare for folk å meistra skriftmålet, men det inneber ikkje at folk har ein ibuande trong til å skriva so talemålsnært som råd, eller at dess meir talemålsnær normi er, dess lettare er det å meistra den skriftlege normi. Talemålsnærleiken som eit pedagogisk argument, gjeld berre fram til ei viss grensa.

Når me sameleis veit at talemålsnærleik ikkje er den einaste grunnen til at folk vel eit skriftmål, serleg ikkje når talemålsnærleiken for lengst har nått eit kritisk grenseverde, kan ein spørja seg om ikkje den store valfridomen framandgjer nynorsken for brukarane. Me har eit overtalemålsnært skriftmål som ikkje lenger er praktisk.

Ein slik annan grunn for språkval, anten i skrift eller i tala, er det å få lov til å høyra til ein fellesskap, og her er ikkje bokmål ekskluderande. På eit overindividuellt plan – kulturelt plan – kan ein seia at bokmål er ekskluderande – det står ikkje i ein norskskdoms- eller målføretradisjon – men på eit individuellt plan kan ein ikkje seia at bokmål er ekskluderande. For bokmål er ikkje latin i mellomalderen, engelsk i kolonien eller dansk i Noreg på 1800-talet.

Bokmål er ikkje meir ekskluderande eller talemålsfjernt enn at alle rimeleg lett kan læra seg det både munnleg og skriftleg. Her møter den praktiske talemålsnærleiken den ideologiske. Folkemålstanken er på mange måtar avløyst av folkemålskarikaturen. Det må få vera lov å kalla det ein karikatur, når det som liksom skal vera den store føremonen i nynorsken – valfridomen og talemålsnærleiken – er det som til sist gjer ende på nynorsken, og når målet om eit sers talemålsnært skriftmål vert røynd for fleire og fleire ettersom bokmålsnært talemål breier seg meir og meir ut.

SIDEFORMSKIPNADEN

Departementet viser til at landsmøtet i Noregs mållag ynskte skipnaden med hovud- og sideformer bort. At landsmøtefleirtalet i Noregs mållag i 2008 nærsagt etter eit benkeframlegg ville taka bort skilet, det utan ei klår meining om framtidnormi, er ansvarslaust. Ivar Aasen-sambandet viser her til at landsmøtet i Noregs mållag tidlegare har gjort vedtak om normering med prinsipp som er umogelege å sameina, t.d. eit ynske om ei stram norm som opna for individuell og geografisk valfridom, og at meiningane om sideformskipnaden skifter frå landsmøte til landsmøte. Vedtak om normering frå ein so breitt samansett skipnad som Noregs mållag, kan ikkje departementet taka alvorleg eller leggja til grunn. Alle normeringsvedtak på landsmøtet i Noreg mållag i etterkrigstidi må tolkast meir som tiltak for å halda husfreden.

Sideformskipnaden kom i samnorsktidi. Samnorsk var ikkje Ivar Aasen ein gong til – ei skriftfesting av eit talemål utan eige skriftmål – men ei samanstøyping av to ulike skriftmål, tufta på ulike tradisjonar og makttilhøve. Ei slik samanstøyping hadde aldri vore gjort før, like vel skulle ein her på teknokratisk måte gjera det umogelege - taka «det store spranget framover» og gjera kulturen til ein del av sosialøkonomien, og leggja målstriden i røyr. Kor vellukka dette samnorskprosjektet var for nynorsken og kor mykje «mot elitane» samnorskfolket var, ser me når me granskar medlemsbladet til Språkleg samling. Her vert diftongane sjeldnare for kvart år og former *som har snakket, saken* og det riksmålske abstrakte kjerneordtilfanget berre kjem tettare og tettare. DERIMOT: at sideformskipnaden i si tid var ein lekk i samnorskpolitikken, er ikkje god nok grunn til no å taka skipnaden bort. For då styresmaktene skapa sideformskipnaden, skapa styresmaktene òg ein ny kultur og praksis. Å taka bort sideformskipnaden i nynorsk, berre av di han fall bort i bokmål, er like røyndomsfjernt som å tru at bokmål og nynorsk på ein jambyrdig måte kunne samanstøypast til samnorsk. Nynorsk er ikkje bokmål. Det er lett å taka bort sideformskipnaden i nynorsk, men det kan ikkje sameinast med ei «tydeleg, enkel og stram norm». Den nye rettskrivingi kjem heller ikkje til å koma i staden for gjeldande praksis, men i tillegg til gjeldande praksis. Målfolk er slik. Det store spørsmålet Ivar Aasen-sambandet då må stella, er om departementet endå ein gong skal freista å tvinga gjennom ein teknokratutopi med fatale konsekvensar for nynorsk?

ULIKE SYN PÅ KORLEIS NORMI SKAL VERA

Innspel til nemndi so langt skil seg i tre hovudbolkar: Sandpåstrøying. Serleg frå ulike faginstitusjonar. Desse vantar ein djupare analyse av rettskrivingsframlegget, dei held seg i stort berre til merknader på dei få punkti som nemndi serleg bad om. Dinest har me dei som ikkje ynskjer innstramming – dei som listar opp utopiske ynske om einskildformer og ikkje ser at det i det minkande mangfaldet av målføreformer er éi form som trugar alle – bokmålsformi. Større er ikkje mangfaldet. Men det plagar visst ikkje talemålsfantastane, der det mest gjeng i sutlaus skuring. Til sist har me dei som ynskjer sterkare innstramming – somme ynskjer ei stram norm, andre ei onnor stram norm, og me er like langt. Slike einmannsframlegg er ikkje realistiske. Berre

framlegget frå Voss mållag om ei stram norm skil seg ut med ein stønad frå meir enn éin person og meir enn eitt mållag.

Myten om midtlinenynorsken. At det er former i eit tekstkorpus som er meir frekvente enn andre, er ikkje det same som at det finst ein midtlinenynorsk eller at det finst ein nynorsk som er vanlegare enn andre. For ulike personar nyttar ulike former. Somme nyttar frekvente former og bøyingar av somme ord, men ufrekvente former og bøyingar av andre ord. Det er ingi fast og stram husnorm som dominerer. Det finst ingen midtlinenynorsk, berre mange linor.

Rettskrivingsframlegget bryt so kraftig ned den indre samanhengen i nynorsken, i tillegg til å opna for so mange formvariantar, at det skapar eit nytt problem – det vert vanskeleg å vita korleis ein skal uttala nynorsken; ein må faktisk ha kunnskap om gamalnorsk. Mistak i uttala gjer vald både på nynorsk og målføri, og gjer nynorsken meir eksotisk enn han treng vera. Det er t.d. heilt rett å hevda at ingen lenger seier *hjarta* /ja:ɾta/ med lang *a* eller *sumar* /sʊ:mar/ med lang trong *u* som i *sur* /sʊ:r/. Det har faktisk aldri heitt anna enn /jarta/ eller /jaɾa/ i målføri, eller /sumar/ eller /su:mar/, stundom /sʊmar/ av desse stavingane. Nynorsken treng eit standardtalemål som er mykje sterkare til stadar enn i dag, skal nynorsken ha ei von om ei framtid. Skilet mellom bundi form av sterke og linne hokjønnsord er utbreitt i store område av landet, og eit standardtalemål utan i-mål er utenkjeleg.

OPPSUMMERING

Ingen av oss ventar ei norm utan valfridom eller ei norm bygd på anna enn gjeldande norm. Nynorsk toler òg inkonsekvensar. Det ideelle er ikkje målet, men rettskrivingsframlegget er langt verre enn status quo. Ei reindyrking av altfor stor formsprik i kjerneordtilfanget må enda i ein tragedie for nynorsk bruksmål. Rettskrivingsframlegget må difor avvisast i heilo, sideformskipnaden må haldast oppe. Det einaste som kan skapa ei stram norm, er dersom ei kritisk mengd målfolk på privat opptak greier å semjast om ei stram, konkret norm, ei norm som må liggja *innanfor* gjeldande rettskriving, der det skal sers gode grunnar til å vika utanom.

MERKNADER TIL RETTSKRIVINGSFRAMLEGGET

Den viktigaste budskapet vår er alt komen fram. Ivar Aasen-sambandet held det for tarvlaust i denne stoda å gjeva merknader på einskildformer, anna når dei tener til døme. Me har ingi merknader på kva som skal ut eller takast inn i den nye rettskrivingi. Merknadene våre er på ingen måte uttømande, men kastar vonleg ljøs over lytesame prinsipp i rettskrivingsframlegget.

Nemndi vurderer valfridomen «flatt» – dei ser lite på korleis ordfrekvens og type valfridom verkar på skriftbiletet. Nemndi skjer ned på valfridom i ufrekvente ord som *bolung*, *brækta*, men aukar på valfridomen i frekvente ord som *fylgja*, *ynskja*. Nemndi drøfter einast frekvens når dei stryk somme bokmålsnære former, men då i ein annan samanheng enn den pedagogiske – d.e. i ein slags ytleg tradisjonisme, eit slags boteråd mot for stor bruksutbreiing av desse ordi – men dette gjeld einast sers få ord. Drøftingi er difor ytleg og utan røylnleg verknad. Metodisk burde nemndi ha sett på kor stor valfridomen vart i dei mest frekvente ordi, i intervall på 500, 1000, 1500, 2000 ord osv. Talet på former i eit ordbokverk på mange tusen ord, kan ikkje i seg sjølv vera eit merke på kor oversynleg eller stram normi er. Formene må vektast etter frekvens.

Nemndi skjer kraftigare ned på typologisk valfridom enn valfridom i einskildord – t.d. *steinut*, *saki* skal ut. Same gjeld i grunnen adjektivendingi *-lig* for *-leg*, minder det skal vera eit mål i seg sjølv å skilja seg frå bokmål. For skuld pedagogisk vinning er dette utan praktisk verknad, berre symbolsk.

Normeringsprinsippi er slumpesame. Det er stundom uråd å fylgja kva prinsipp nemndi legg til grunn i normeringi eller kva pedagogisk vinning formskiftet skal ha – t.d. skal det no heita ein *vri*, ein *vridar*, adj. *vrien*, men pret. part. *vriden* (bokmål/statistikk?). Sameleis held nemndi på langformer som t.d. *føde*, *lide*, *ride*, *skade*, men stryk langformer som t.d. *bede*, *trede*, der dei samsvarar med bokmål. Slik vilkårleg innstapping av «stumme» *d*-ar og normering av langformer dreg med seg bokmålsuttala med uttala *d*. Systemet vert so sundbrote at det er uråd å vita uttala, og då er det lettast å velja bokmålsuttala.

Normering etter assosiasjonsprinsippet. Serleg skiftet frå ei *kumpe* og ei *kumle* til *kompe* og *komle* med tilvising til stavingi av ei *lompe* verkar slumpesamt (*rompe* for *rumpe* når ho kan brukast som spisebord?). Normering etter slike assosiasjonsprinsipp skapar forvirring heller enn pedagogisk vinning.

Ulike ortografiske prinsipp til grunn. No skal det heita ein *brote/bråte*, ein *drope* og ein *flåte*, men (har) *brote*, *drope*, *flote*. Dette er ikkje eit spørsmål om etymologi eller uttale, men eit spørsmål om kva ortografiske prinsipp ein skal velja. Uttala er den same anten ein skriv *brote* eller *bråte* (kravet til talemålsnærleik får ei ny meining). Me får soleis ulike stavingar av ord med lik uttale, alt etter kva ordklassa dei høyrer til. Eit fullkomeleg rot.

Nemndi gjev ei rad ord ulike oppføringar på grunnlag av «ulik ordlaging» (samansetjing og avleiing) – t.d. å *fremma* el. *fremja*, ei *lenkje* el. *lekkje*, å *rydja* el. *rydda* og mange andre. Desse har ikkje ulik ordlaging, men ulik målvokster, på same måte som bokmål *tyve* el. *tjue*, å *lyve* el. *lyge osv.* har ulik målvokster. Desse ordi kan difor ikkje ha ulike oppføringar på grunnlag av ulik ordlaging. Ord med røyndleg ulik ordlaging vert derimot strokne – t.d. *samkvæme* (*samkvem*), *nashyrning* (*nashorn*). Og *speia* (norr. *spæja*) ut framfor *speida*?! Dette er hververk. Kva som skal vera med eller ikkje, verkar heller planlaust, anna at ord som faktisk har ulik ordlaging oftare vert strokne. Me må få venta at nemndi (og Fagrådet) har kunnskap om gamalnorsk, om berre i grunndrag. Serleg når det er på diakront grunnlag at nemndi vurderer ordi.

Nemndi gjev ei rad ord ulike oppføring på grunnlag av «tydingsnyanse» – t.d. *erva* el. *arva*. I seg sjølv ein underleg praksis. Her må nemndi greia ut betre. I flest alle tilfelle er det uråd å gissa seg fram til skilet i tyding eller vita korleis nemndi har tenkt.

Pedanteri og klåfingerskap. Mykje av arbeidet som nemndi har lagt ned, må kunna kallast klåfingerskap utan røyndleg påverknad på skriftbiletet eller pedagogisk vinning, serleg når valfridomen i dei frekvente ordi vert so stor at normi no nærmar seg kollaps. Arbeidet imponerar meir i mengd, for å seia det slik.

Nemndi tek bort *avkjøme* framfor *avkom*, endå *avkom* ikkje fangar opp alle tydingane i *avkjøme*. *avkjøme* og *avkom* er ulike leksem.

Verbet *sjoda* skal ut framfor *syde*, men det tradisjonelle riksmålordet *syde*, som det her er tale om, kan knapt samanstellast eller koma i staden for det nedervde *sjoda*, skal nemndi fylgja eigne leksikografiske prinsipp. Uttala og bøyingi av riksmålsnedfallet *syde* er i talemålet å *syde* /sy:de/ : *sydar* /sy:dar/ : *syda* /sy:da/ (d.e. med uttala *d*.) og kan ikkje sameinast med *sjoda*, korkje i uttale eller bøying (*sjoda* : *syd* : *saud* : *sode*).

Verbi *ganga*, *standa* skal ut. Her kan me minna om at svensk held på t.d. *gånga* og *stånda* jamsides *gå* og *stå*. At ord fell saman semantisk, er ingen grunn til å stryka alternativet. Dette normerer seg sjølv. Langformi å *taka* skal ut (no einast *ta*), men likevel å *takast*, *takande* osv. Pedagogisk vinning? Lettare for læraren? Neppe.

Unnataksnormering. Dei pedagogiske argumenti hjå nemndi er for skiftande. Nemndi viser snart til skort på kunnskap om gamalnorsk, snart til talemål, snart til uskjonlege og sjølvlaga system. Alle desse nyinnførde unnataki må te seg som ein hovudverk for eleven, ikkje ein lette.

Me har alt nemnt kaoset nemndi innfører i kjønnsbøyingi av ord på endingi *-skap*. Slik oppføring i rettskrivingsframlegget no er, ser det ut til at *morskap* einast skal vera hankjønn, men *farskap* valfritt kan vera hann- eller inkjekjønn. Det kan då ikkje nemndi meina?

Nemndi tek inn variantar av *appetitleg*, *opphavleg*, *sjukleg* med fuge-*e* – d.e. *appetitteleg* osv., endå desse formene er lite frekvente. Her viser nemndi serleg til at formi *makeleg* oftare ligg føre enn formi *makleg*, endå *makleg* er offisiell norm. Dette skal etter nemndi vera eit merke på at former med fuge-*e* trengjer inn. Men det er faktisk motsett – det er *makeleg*, og ikkje *makleg* som er offisiell norm.

Der det før heitte *sitja* [*sitta*] : *sit* [*sitt*] : *sat* [*satt*] : har *sete* skal det no heita å *sitja* el. *sitta* : *sit* : *sat* : har *sete* (ikkje *sitt* osv.). Frekvens?

Ord til sist. Ivar Aasen-sambandet må streka under at nemndi ikkje er grunnen til ei slik lytesam normering, men heller symptomet på ein tradisjon målrørsla altfor lenge har stått i. Nemndi gjer på mange måtar berre det fleirtalet av målfolk ventar av henne, men me burde derimot venta eit noko høgare fagleg nivå både av nemndi og fagrådet i Språkrådet på somme, men viktige punkt.

Stjorni i Ivar Aasen-sambandet